

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

### **Tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt - frist 1. mars 2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt slik det kjem fram av saka.

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 039/21 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt slik det kjem fram av saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Bakgrunn**

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarande ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga for kulturprosjekt som hadde søknadsfrist 1. mars 2021. Tilskot til kulturprosjekt vert delt ut to gongar i året.

Retningslinjene seier at ordninga skal støtte lydfesting av musikk, kunst- og sceneprosjekt, kunsthandverk, film og animasjon. Søknadar vert basert på prosjektbeskriving. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot.

Det er sett av 284 300 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt 200 000 kr i vartildelinga og 300 000 i hausttildelinga.

Saka har vore på høyring til Alver kulturråd.

#### **Saksopplysninger:**

##### Uttale Alver kulturråd

Utdrag:

Alver kulturråd ønskjer at kulturkontoret utarbeider ein betre strategi og kvalitetssikring av prosessen med kulturmidlar. I denne tildelingsrunden vil Alver kulturråd spesielt nemne at søknadsfristar må respekterast. Særleg må det peikast på at «Alver kulturopplevingar» er registrert som ein organisasjon ein måned etter søknadsfristen og bør få søknaden vurdert i hausttildelinga 2021. Ein kan ikkje i vurderinga leggje til grunn at «Alver kulturopplevingar er ein nyoppretta, frivillig organisasjon» når den ikkje er det på dato for søknadsfrist.

Rådmannens kommentar til uttala

Det er ikkje krav om å vere registrert som organisasjon for å søkje om midlar i denne ordninga.

Innstilling

Søklar	Totalkostnad	Søknadssum	Innstilling	Vurdering av søknad
Reidar Konglevoll	210500	30000	30000	Tilskot til boka "PÅ DANS i Nordhordland 1950-2000". Boka tek for seg historia til lokale orkester som spelte til dans i ungdomshusa. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet.
FIRE FRUER DA	21000	15000	6300	Fire Fruer gjev ut bok om hunden på skjæret. I høve lanseringa av boka vil dei ha eit arrangement på kraftlagskaia i Alversund. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet og opne arrangement.
Nordhordland kunstlag	8000	8000	4000	Nordhordland kunstlag arrangerte føredrag med Gunnar Danbolt "Kvinner i kunsten" på Strilabiblioteket i Knarvik. Tiltaket fremja samarbeid og kompetanseheving. Søknad viser berre kunstlaget sine utgifter for føredraget og ikkje reell totalkostnad. Tilskot overstig difor 30% av totalkostnaden oppgjeve på søknadsskjema.
Heiane vel	30000	15000	0	Heiane vel vil kjøpe inn telt til bruk på fellesarrangement for vellaget på feltet sin fellespark. Innkjøp av telt er ikkje å rekne som eit kulturprosjekt og søknaden vert difor avslått.
Eivind Lervik	23800	7000	5000	Innkjøp av live-utstyr til lokalt band "Fela Bale". Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet og innkjøp av utstyr. Tilskot vil bidra til utvikling av lokalt kulturliv.
Ingrid Askvik, Lygra kyrkje	1149900	10000	10000	Førestillinga "HAV" er del av trilogien SKOG/HAV/FJELL. Skildra som ei Øko-filosofisk-framsyning. Søklarar utanfor kommunen kan etter vurdering få tilskot dersom midlane vert øyremerkt verksemd i Alver. Framsyninga "HAV" skal ha sin

				premiere i Lygra kyrkje og fremjar samarbeid og kompetanseutvikling. Det er inngått intensjonsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og regissør.
Manger skulemusikklag	50000	36000	15000	Manger skulemusikklag vil gå til innkjøp av utstyr for opptak og streaming slik at dei kan lage digitale konsertar av god kvalitet. Tiltaket er for barn og unge i Alver. Ordninga skal støtte innkjøp av utstyr.
Skodvin skulemusikk	30000	30000	9000	Skodvin skulemusikk skal spele inn spesialkomponert stykke for korpset til NM. Tiltak er for barn og unge i Alver. Ordninga skal støtte lydfesting av musikk.
Morten Sæle	95590	30000	10000	Morten Sæle er fotograf og søker midlar til utvikling og produksjon av kunstprosjektet "Forkynnaren". Ordninga skal støtte kunstprosjekt. Tiltaket som fremjar samarbeid og kompetanseheving.
Stine Karin Sæle	62000	30000	0	Stine Karin Sæle planlegg å spele inn albumet "Hjertebarn". Sæle vil formidle gjennom musikken at det finnast håp og lys, sjølv i dei mest mørklagde krokane av livet. Ordninga støtter lydfesting av musikk, men prosjektet treff ikkje prioriteringane til kulturmidlar i Alver.
Musikkens venner Nordhordland	75000	25000	15000	Musikkens venner skal arrangere operashow. Prosjektet tar publikum med på 400 år med operahistorie. Ordninga skal støtte musikk- og sceneprojekt og opne arrangement.
Galleri Rustica	500000	500000	10000	Prosjektet tek for seg kunst- og handverksformidling for skule- og kulturskuleelevar på autentiske arenaer for utøvarar. Prosjektet er for barn og unge og har fokus på inkludering og mangfald. Prosjektet treff prioriteringane, men søker må spesifisere kostnadane og vise til anna finansiering. Alver kommunen støtter difor tiltaket med ein mindre sum for å vidareutvikle prosjektet og søkje meir ekstern finansiering.
Galleri Rustica	30000	30000	15000	Galleri Rustica skal opprette eit "Artist in residence-

Hanne Vatnøy Steinarson	80000	30000	10000	<p>program"/gjestekunstordning med opphald på Holmeknappen. Programmet vert avslutta med utstilling/presentasjon på Galleri Rustica under Kystsogedagane. Tiltaket bidreg til sterke lokalsamfunn og fremjar samarbeid og kompetanseutvikling. Ordninga skal støtte kunstprosjekt. Søknadsskjemaet inneheld ikkje alle kostnader for prosjektet, men gjennom prosjektskildring kjem det mellom anna fram at søkjar bidreg med eit stipend på 10 000,- og gratis kost og losji. Tilskot er difor satt til høgare enn 30% av totalkostnad slik det kjem fram frå søknadsskjemaet.</p> <p>Låtskrivar og artist, Hanne Vatnøy, ynskjer å lage den nye Alver-sangen med tilhøyrande Alver-dans. Låta, med musikkvideo, kjem ut hausten 2021. Prosjektet er for barn og vaksne og fremjar utvikling av lokalt kulturliv. Ordninga skal støtte lydfesting av musikk, sceneprosjekt og film.</p>
Cato Pisani Danielsen	107000	50000	20000	<p>Galleri Gameskulen er eit privateigd kulturhus, der dei vil etablere ei intimscene for lokale musikarar. Tiltaket bidrar til sterke lokalsamfunn og utvikling av lokalt kulturliv. Tiltaket skal støtte prosjekt innan kulturfeltet og opne arrangement. Galleri Gameskulen søkjer om midlar til mellom anna innkjøp av lydutstyr og honorar til artistar. Tilskot skal gå til utgifter i høve arrangement som honorar, men ikkje til innkjøp av utstyr og inventar til hus i privat eige.</p>
Alver kulturopplevelser	362400	60000	30000	<p>Alver kulturopplevelser er ein nyoppretta, frivillig organisasjon. Dei vil etablere ein månadleg konsertkveld på kulturbygget Meieriet Frekhaug med lokale artistar og band på scena. Tiltaket fremjar utvikling av lokalt kulturliv og ordninga skal støtte sceneprosjekt og opne arrangement.</p>
Alver	143000	100000	40000	Alver kulturopplevelser vil

kulturopplevelser				arrangere turar med akustiske konsertar ute i friluftsområder i Alver. Det skal vere opne arrangement der alle er inviterte og intensitetsnivået på turane er varierte. Ordninga skal støtte musikkprosjekt og opne arrangement.
Alver kulturopplevelser	141000	60000	10000	Alver kulturopplevelser vil arrangere festival i Badevika, i friluftsområdet på Frekhaug. Det vil vere tilbod for familiar, barn og unge på dagtid og konsertar på kveldstid. Dei søker støtte til å utvikle prosjektet. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet og opne arrangement.
Alver kulturopplevelser			0	Identisk med anna søknad
Stallens Visevenner	530000	40000	15000	Stallens Visevenner vil arrangere kurs i e-læring slik at artistar kan lære å delta digitalt på konsertar og konkurransar. Stallens visevenner har drevet med talentutvikling i fleire år i Alver og utviklar trygge miljø for øving og konsertar med open scene. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet og opne arrangement.
Stallens Visevenner			0	Identisk med anna søknad
Cato Pisani Danielsen, Galleri Gamleskulen	28000	8000	5000	Kulturformidling innan biletkunst og kunsthåndverk. Prosjektet er ein del av Nordhordland kunstrunde. Ordninga skal støtte kunstprosjekt.
Hilde Angel Danielsen	434000	50000	0	Hilde Angel Danielsen er biletkunstnar og søker stønad til å skape og formidle eit romleg og interaktivt kunstverk hjå Norsk Dør på Eikanger. Kunstverket skal visast på Hå gamle prestegard. Tilskot kan gjevast til einskildpersonar som har sitt virke i Alver kommune. Søklar har ikkje sitt virke i Alver og søknaden vert difor avslått.
Kløvheim F Ungdomslag	259800	34800	25000	Kløvheim Ungdomslag søker midlar til å dekke underskot ved drift av laget sin kino Nyheim Kino Fammestad. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast som direkte tilskot eller som underskotsgaranti.
<b>TOTAL</b>			<b>284300</b>	

**Vedlegg i saken:**

01.06.2021

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2021

1563893